

Forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen, Stranda kommune, Møre og Romsdal

Dato	FOR-2013-06-26-835
Publisert	II 2013 hefte 3
Ikrafttredelse	01.07.2013
Sist endret	
Endrer	FOR-2004-10-06-1512
Gjelder for	Stranda kommune, Møre og Romsdal
Hjemmel	LOV-1981-03-13-6-§26 , LOV-1981-03-13-6-§27 , LOV-1981-03-13-6-§30 , LOV-1981-03-13-6-§31 , LOV-1981-03-13-6-§33 , LOV-1981-03-13-6-§34 , LOV-1981-03-13-6-§79 , LOV-1981-03-13-6-§83 , LOV-1981-03-13-6-§85
Kunngjort	04.07.2013 kl. 14.40
Rettet	
Korttittel	Forskrift om hushaldsavfall og slam, ÅRIM Stranda

Kapitteloversikt:

- [Del 1. Innleiande reglar](#)
- [Del 2. Generelle reglar om hushaldsavfall](#)
- [Del 3. Generelle reglar om slam](#)
- [Del 4. Renovasjonsteknisk planlegging](#)
- [Del 5. Gebyr](#)
- [Del 6. Avsluttande reglar](#)
- [Merknader](#)

Heimel: Fastsett av Stranda kommunestyre 26. juni 2013 med heimel i lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (Forurensningsloven) § 26, § 27, § 30, § 31, § 33, § 34, § 79, § 83 og § 85.

Del 1. Innleiande reglar

§ 1.(formål)

Forskrifta har som formål å sikre miljømessig, økonomisk og helsemessig forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, gjenvinning og sluttbehandling av avfall samt tømning av slamavskiljarar og tette tankar mv. i kommunane. Forskrifta har vidare som siktemål ei likebehandling av abonnentane i dei kommunane som er medlemmer i Ålesundregionen Interkommunale Miljøselskap IKS (ÅRIM). Forskrifta regulerer korleis ÅRIM på

vegner av medlemskommunane skal oppfylle krava til handtering av hushaldsavfall og slam etter forurensningsloven.

[link](#)Del paragraf

§ 2.(virkeområde)

Forskrifta omfattar handtering av hushaldsavfall og slam frå mindre reinseinnretningar, t.d. slamavskiljarar og tette tankar, i dei kommunane som er medlemmer i ÅRIM. Forskrifta regulerer det ansvaret og dei oppgåvene ÅRIM og abonnentane har knytt til sortering, oppsamling, innsamling og transport av hushaldsavfall og slam frå anlegg. Avfall frå næringsverksemd er ikkje omfatta, heller ikkje slam frå oljeutskiljarar, fettutskiljarar og oppsamlingstankar for industrielt avløpsvatn.

[link](#)Del paragraf

§ 3.(definisjonar)

Abonment:

Eigar av eigedom som blir omfatta av renovasjonsordninga for hushaldsavfall eller av eigedom med slamanlegg som blir omfatta av slamtømeordninga. Dersom eigedomen er festa bort for 30 år eller meir, skal festaren reknast som abonnent. Ved dødsbo blir bustyrar eller arving som har ansvaret for dei økonomiske krava den aktuelle eigedomen heftar for, rekna som abonnent, i uskifta bu blir abonnementet overført til den som sit i uskifte (attlevande ektefelle). Ved konkurs blir oppnemnd bustyrar abonnent.

Henteavstand:

Avstand frå vegkant til standplass for oppsamlingseining eller slamanlegg. Dette gjeld avstand frå vegkant køyreveg. Der det er gang-/sykkelveg/fortau som er lov å trafikkere med renovasjonskjøretøy, eller der gang-/sykkelveg/fortau går parallelt med køyreveg og ikkje er skild frå køyrevegen med fysiske hinder som gjerde, autovern, grøft o.l. er det vegkanten på gang-/sykkelveg/fortau som er utgangspunkt for vurdering av henteavstand.

Kompostering:

Biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang.

Køyrbar privat veg:

Veg der renovasjonsbilen kan komme fram, stoppe for å tømme oppsamlingseiningar eller slamanlegg og snu eller rygge på forsvarleg måte. Der det er nødvendig å køyre på privat veg for å hente inn avfall eller slam, er det abonnenten som skal sjå til at vegen og snuplassen er brøyta og om nødvendig strødd. ÅRIM har ikkje ansvar for eventuelle skadar på private vegar og snuplassar som blir nytta ved innsamling. For at nye private vegar som blir tatt i bruk til innsamling av avfall og slam i Ålesundregionen skal kunne reknast som «køyrbar privat veg» og nyttast til regelmessig innsamling av avfall, skal som eit minimum desse krava vere oppfylte:

- fast underlag med minst 10 cm grusdekke og tilnærma horisontalt tverrprofil,
- minste breidde (på fast underlag): 3,0 m pluss skulderbreidde 0,5 m på kvar side,
- minste svingradius: 7,5 m pluss skulderbreidde 0,5 m på kvar side,
- fri høgde: 4,0 m,
- stigning: maksimalt 1:10,
- kapasitet til å tåle akseltrykk på 10 tonn,

Køyrbar privat veg bør vere slik at bilane ikkje treng å rygge. Er dette ikkje mogleg, skal det vere ein snuplass som har minste breidde i rett strekning på 3,5 m pluss skulderbreidde 0,5 m på kvar side og minste svingradius

7,5 m pluss skulderbreidde 0,5 m på kvar side. Vegskuldrane på snuplassen skal vere utan hagemurar, stabbestein, buskar o.l. Kantstein som skal passerast, må ikkje vere høgare enn 40 mm.

Oppsamlingseining

Sekk, plastbeholdar, konteinar eller ei anna godkjend eining abonnennten kan leggje avfall i fram til henting.

Renovasjonsrett:

Stadfesta plikt eller rett som gir ein eigedom rett til å plassere sine oppsamlingseiningar på ein annan eigedom.

Renovasjonsteknisk plan:

Dokument som viser korleis oppsamling og henting av avfall og tømning av slam er planlagt utført i eit reguleringsområde eller for ein eigedom.

Renovatør:

Person som står for tømninga av kundane sine oppsamlingseiningar eller slamanlegg.

Restavfall:

Avfall det ikkje er oppretta egne sorteringsordningar for. Dette er avfall som blir igjen etter kjeldesortering av hushaldsavfall.

[linkDel paragraf](#)

§ 4.(myndet til ÅRIM)

ÅRIM har mynde til å fatta vedtak i dei sakene som kommunane i denne forskrifta har lagt til ÅRIM.

Utan skriftleg løyve frå ÅRIM kan ingen samle inn hushaldsavfall eller tømme slam i Ålesundregionen.

[linkDel paragraf](#)

Del 2. Generelle reglar om hushaldsavfall

§ 5.(tvungen renovasjon)

Det er lovpålagd kommunal renovasjon for hushaldsavfall i Ålesundregionen. Alle registrerte grunneigedomar der det kan oppstå hushaldsavfall skal vere med i den kommunale renovasjonsordninga og dermed betale renovasjonsgebyr.

For eigedomar der næringsavfall ikkje blir skild frå hushaldsavfallet, eller der det av plassmessige årsaker ikkje kan plasserast egne oppsamlingseiningar for begge typar avfall, er alt avfall å rekne som hushaldsavfall.

Vidare skal hytter, stolar og andre registrerte fritidseigedomar i dei kommunane der kommunen gjer vedtak om dette, vere med i den kommunale renovasjonsordninga og dermed betale renovasjonsgebyr. Dette inkluderer også mellombels eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg med oppstilling meir enn fire månader, så lenge desse ligg mindre enn 1000 meter frå offentleg eller privat køyrbar veg.

[linkDel paragraf](#)

§ 6.(pliktene til ÅRIM)

- a) ÅRIM skal utføre kommunane sine lovpålagde oppgåver innan innsamling, gjenvinning og behandling av avfall og slam i samsvar med sentrale og lokale miljømål.
- b) ÅRIM skal som ein del av dette gje abonnentane eit tilbod om kjeldesortering av hushaldsavfall. ÅRIM skal vidare informere abonnentane om dei ordningane som gjeld, mellom anna tømmedagane ved henting av avfall, og opningstidene for avfall som må leverast til sortering. Ved endringar i tømmerutiner og andre tilhøve i avfallsordninga som er av vesentlig betydning, skal abonnennten varslast på ein hensiktsmessig måte.

- c) Det er ÅRIM sitt ansvar å syte for oppsamlingseiningar til abonnentane, unntaket er oppsamlingseiningar som utgjer faste installasjonar. Bytte og reparasjon av oppsamlingseiningane som følgje av endringar i abonnement, naturleg slitasje eller tilhøve som abonnenten ikkje kan klandrast for, er også ansvaret til ÅRIM. ÅRIM tek avgjerd om kva tid ei oppsamlingseining må reparerast eller fornyast.
- d) Innsamlinga av avfall skal gjennomførast slik at abonnentane slepp unødige helse- og miljølemper som støv, lukt eller støy. Eventuelt søl frå tømninga av oppsamlingseiningar skal fjernast i samband med tømninga. Etter tømning skal oppsamlingseining settast attende på standplass eller minst tre meter frå vegkant. Under transport skal avfallet vere sikra slik at det ikkje fell av.
- e) Abonnentar som ønskjer lenger henteavstand enn den som følgjer av § 7 c), har høve til å inngå avtale med ÅRIM om dette. På same måte har eigarkommunane høve til å inngå avtale med ÅRIM om slike tenester.
- f) ÅRIM tek over eigarskapet til, og ansvaret for disponeringa av avfallet så snart det er henta inn eller levert gjennom dei avfallsordningane som er oppretta.

[link](#)Del paragraf

§ 7.(pliktene til abonnenten)

- a) Abonnentane skal sortere avfallet i tråd med reglane i forurensningsloven og retningslinjene til ÅRIM. Avfallet skal plasserast i oppsamlingseiningar. Avfall som ikkje er lagt i oppsamlingseiningar det er betalt gebyr for, kan ikkje påreknast henta. Oppsamlingseiningane skal berre nyttast til sortert avfall i tråd med retningslinjene til ÅRIM. Abonnenten er ansvarleg for skadar på oppsamlingseiningar som skuldast feil bruk. Abonnenten er vidare ansvarleg for reinhald av egne oppsamlingseiningar.
- b) Abonnentane skal syte for at oppsamlingseiningane som skal tømast ikkje er overfylte, lokket skal kunne lukkast heilt att. Avfallet skal ikkje pakkast fastare enn at eininga lett kan tømmast. Skarpe gjenstandar og støvande avfall må pakkast godt inn. Det er vidare abonnenten sitt ansvar at avfallet ikkje er fastfrose i dunken vinterstid. Abonnenten har også ansvar for opprydding av avfall som vert drege utover av dyr og fuglar ved for dårleg sikring. Avfall som blir henta eller levert kan bli manuelt sortert og kontrollert. Abonnenten er sjølv ansvarleg for at avfall han vil halde konfidensielt er makulert. Er det ved enkelte høve meir avfall enn det er plass til i oppsamlingseininga, kan abonnenten kjøpe sekk for ekstraavfall der gebyr for innsamling og behandling er inkludert. Sekken plasserast slik at renovatøren lett kan ta han med ved den ordinære tømninga.
- c) Oppsamlingseiningane skal som hovudregel plasserast nærast mogleg offentleg eller køyrbar privat veg på hentedagen. Mindre oppsamlingseiningar med volum til og med 240 l skal tømmast dersom henteavstanden er inntil 5 m. Større oppsamlingseiningar skal vere direkte tilgjengeleg for renovasjonskøyretøy. ÅRIM kan godkjenne andre plasseringar dersom dette er renovasjonsfagleg nødvendig. Dersom oppsamlingseininga til vanleg blir plassert ein annan stad, skal abonnenten bringe fram eininga til offentleg eller køyrbar veg seinast klokka 0600 på tømmedagen. Det skal vere tilstrekkeleg areal til oppsamlingseiningane og tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjere hentinga vanskeleg. Om vinteren skal tilkomsten vere rydda for snø og om nødvendig sandstrødd.
- d) Oppsamlingseiningane er registrerte på den enkelte abonnenten og skal ikkje flyttast eller overført til annan abonnent. Det er høve til å inngå avtale mellom abonnentar om bruk av felles oppsamlingseiningar. Slik bruk krev godkjenning frå ÅRIM.
- e) Eigar eller festar av eigedom der det oppstår hushaldsavfall, pliktar straks å melde frå til ÅRIM om det er registrert feilaktige opplysningar eller eigedomen ikkje har renovasjon.
- f) Dersom oppsamlingseiningane abonnenten har fått utlevert ikkje har tilstrekkeleg kapasitet i høve avfallsmengdene, skal abonnenten varsle ÅRIM om dette, med sikte på å få eit abonnement tilpassa avfallsmengdene.
- g) Ved installasjon av oppsamlingseiningar som utgjer faste installasjonar, som nedgravne løysingar eller avfallssug, skal det innhentast godkjenning frå ÅRIM i forkant av installasjonen.
- h) Når det gjeld hushaldsavfall frå hytter, stolar og andre fritidseigedomar i område der ÅRIM har utplassert oppsamlingseining for hytteavfall, må den enkelte abonnenten sjølv syte for å bringe avfallet til desse. Avfallet må vere forsvarleg emballert. Er det ikkje plass til avfallet i oppsamlingseininga, må abonnenten ta med seg avfallet attende eller finne ein annan oppsamlingseining med ledig plass. I område der ÅRIM ikkje har utplassert oppsamlingseiningar for hytteavfall, kan abonnentane få utlevert sekkar der gebyr for innsamling og behandling er inkludert. Desse sekkane må plasserast slik at renovatøren kan ta dei med ved ordinær avfallstømning.

[link](#)Del paragraf

§ 8.(heimekompostering)

Heimekompostering vil seie at abonnenten sjølv handterer matavfallet sitt ved varmkompostering året rundt. Ferdig kompost nyttast på eigen eigedom.

Det er høve for abonnentar til å inngå avtale med ÅRIM om heimekompostering. Avtalen gir ÅRIM rett til å redusere hentetilbodet abonnenten har, samstundes som abonnenten får redusert renovasjonsgebyr.

Vilkåra for å få inngå slik avtale er:

- 1) Det skal nyttast ein kompostbeholder som oppfyller kvalitetskrav sett av ÅRIM.
- 2) Abonnenten må ta del i komposteringskurs eller på annan måte gjere greie for tilstrekkeleg kunnskap til å kunne gjennomføre heimekompostering på ein miljø- og helsemessig forsvarleg måte.
- 3) Abonnenten skal ikkje levere matavfall til den kommunale renovasjonen eller kvitte seg med dette på annan måte.
- 4) Abonnenten må ha tilstrekkeleg areal til å kunne spreie ferdig kompost.
- 5) ÅRIM fører tilsyn med at abonnenten etterlever krava i avtalen.

Abbonnten kan seie opp avtalen med ein måned varsel.

Eldre inngåtte avtalar mellom abonnenten og ein av kommunane i Ålesundregionen gjeld inntil dei blir sagt opp.

[linkDel paragraf](#)

Del 3. Generelle reglar om slam

§ 9.(tømming av slamanlegg)

- a) ÅRIM skal syte for tømning av slam frå alle slamanlegga omfatta av forskrifta. I samband med tømninga blir anlegget også kontrollert. ÅRIM tek over eigarskapet til og ansvaret for disponeringa av slammet når slamanlegget er tømd.
- b) Kvar enkelt abonnent skal normalt varslast minst ei veke før tømninga skal skje. Abonnenten skal, når varsel er mottatt, sikre fri tilkomst til slamanlegget. Snø, is, jord osb. over kumlokk må fjernast. Kumlokk må merkast slik at dei er moglege å finne.
- c) Den som utfører tømninga har rett til å plassere nødvendig utstyr på eigedomen for å få utført tømninga. Arbeidet skal likevel utførast på ein slik måte at unødig skade på veg eller eigedom ikkje oppstår. Slamanlegget, grinder og porter skal etter tømning vere forsvarlig låst og lukka.
- d) Eigar av tett tank som er installert pliktar å legge til rette for at ÅRIM kan få høve til fjernavlesing av fyllingsgrad på tanken.

[linkDel paragraf](#)

§ 10.(tømmefrekvens)

- a) Slamanlegg skal tømmast når det er nødvendig.
- b) Alle slamanlegg skal tømmast minimum annakvart år dersom det er tilknytt heilårsbustad og minimum kvart fjerde år dersom det er tilknytt fritidsbustad eller heilårsbustad nytta som fritidsbustad. Tette tankar skal tømmast minimum kvart år.
- c) Abonnentane har høve til å tinge hyppigare tømning mot betaling.
- d) Kommunen kan i enkelte høve fastsette annan tømmefrekvens, til dømes for minirensanlegg.

[linkDel paragraf](#)

§ 11.(plassering av nye slamanlegg)

- a) Nye slamanlegg skal vere plasserte så nær offentleg eller privat køyrbar veg som mogleg.
- b) Tette tankar må kunne tømmast heile året eller vere dimensjonerte for å kunne halde til tømning kan gjennomførast.
- c) Lokk som kan bli utsette for overkøyring skal vere køyresikre.
- d) Avstanden frå oppstillingsplass for bil til slamanlegg (kumlokk) skal ikkje vere over 50 meter.

- e) Oppstillingsplassen skal vere utforma slik at bilen står tilnærma horisontalt under tømning.
- f) Høgdeforskjellen mellom botnen av slamanlegget og oppstillingsplassen skal ikkje vere meir enn 8 meter.
- g) Kommunen kan godkjenne avvik frå krava i a)–f). Eventuelle meirkostnader i samband med tømning må i tilfelle dekkjast av abonnenten.
- h) Ved installasjon av nye tette tankar, kan kommunen stille krav om ei løysing som gir ÅRIM høve til fjernavlesing av fyllingsgrad på tanken.

[linkDel paragraf](#)

§ 12.(matavfallskvernar)

- a) I Ålesundregionen er det ikkje høve til å installere eller nytte matavfallskvern for å føre matavfall til avløpsnett og slamanlegga omfatta av denne forskrifta.
- b) Kommunen kan gje pålegg om fjerning av matavfallskverner.

[linkDel paragraf](#)

Del 4. Renovasjonsteknisk planlegging

§ 13.(plikt til å ha renovasjonsteknisk plan)

- a) Alle som foreslår ein reguleringsplan eller utbyggingsavtale i regionen, pliktar å utarbeide ein renovasjonsteknisk plan for det området planforslaget omfattar.
- b) Ansvarleg søkar i byggjesak pliktar å leggje fram ein renovasjonsteknisk plan for den eigedomen eller dei eigedomane som er omfatta av tiltaket.
- c) Kommunen kan ta avgjerd om at renovasjonsteknisk plan ikkje treng utarbeidast.
- d) Dersom ein bustadeigedom ikkje har tilgjenge direkte med ordinær renovasjonsbil skal det vere avtale om stadfesta renovasjonsrett på annan eigedom før eller i samband med frådelings- eller byggjesak.

[linkDel paragraf](#)

§ 14.(omfanget av og innhaldet i renovasjonsteknisk plan)

Ein renovasjonsteknisk plan skal vise korleis oppsamling og innsamling av avfall skal løysast fysisk for det området eller den eigedomen planen omfattar, samt korleis andre eigedomar eventuelt blir påverka av den foreslåtte løysinga. Renovasjonsteknisk plan skal omfatte avfallet frå driftsfasen til eigedomen.

Desse tilhøva bør vere omtalte i planen:

- a) Tekniske løysingar for oppsamling av avfall, dvs. behaldar, konteinar, nedgravne løysingar, avfallssug etc.
- b) Hovuddimensjonar for oppsamlingseiningar, samt dimensjoneringsgrunnlaget.
- c) Plasseringa av oppsamlingseiningane.
- d) Eventuelle høve til utviding ved seinare overgang til større eller fleire oppsamlingseiningar.
- e) Tilgjenge og tømme stad for renovasjonsbil.
- f) Type avløpsanlegg og eventuelle utfordringar knytt til tømning av slamanlegg.
- g) Stadfesta pliktar og rettar (servituttar) som er relevante for renovasjon.
- h) Korleis nabo- og gjenboeigedom blir påverka av løysinga som er foreslått.

[linkDel paragraf](#)

§ 15.(krav til tekniske løysingar for innsamling av hushaldsavfall)

Kommunen kan, der det er nødvendig for å sikre at arealbruken og busetnaden blir lagt til rette for å vere til gagn for den enkelte og samfunnet, gjennom særskilte reglar i arealdelen i kommuneplanen, i reguleringsplan eller i utbyggingsavtale, stille krav til dei tekniske løysingane for oppsamling av hushaldsavfall.

[linkDel paragraf](#)

Del 5. Gebyr

§ 16.(gebyrplikt for avfall)

Alle registrerte grunneigedomar der det oppstår hushaldsavfall skal betale renovasjonsgebyr. For å fremje avfallsreduksjon og ei effektiv renovasjonsordning, kjeldesortering og gjenvinning kan kommunen innføre differensierte gebyrsatsar. Kommunen kan krevje betaling for ulike tilleggstenester som t.d. levering av ekstrasekkar, lenger henteavstand eller levering av avfall på miljøstasjon. Tilsvarande kan det krevjast tilleggsggebyr for innsamling på vanskeleg tilgjengelege stadar utanfor offentleg veg.

Storleiken på avfallsgebyret blir kvart år vedteke av kommunestyret.

[linkDel paragraf](#)

§ 17.(gebyrplikt for slam)

Abonentane skal betale gebyr for slamtømminga. Det skal svarast eit gebyr for kvart slamanlegg. Storleiken på slamgebyra blir kvart år vedteke av kommunestyret.

Kommunen kan krevje tilleggsggebyr for innsamling på vanskeleg tilgjengelege stadar.

[linkDel paragraf](#)

§ 18.(endring av abonnement)

Alle endringar av abonnement skal meldast skriftleg.

For bustader og fritidseigedomar under oppføring, blir det rekna gebyr frå og med mellombels bruksløyve eller ferdigattest er utsendt.

Ved registrering av nytt abonnement, eller ved endring av eksisterande abonnement, blir nytt gebyr rekna frå den dagen endringa faktisk blir gjennomført.

[linkDel paragraf](#)

§ 19.(innkrevjing av gebyr)

Avfallsgebyr med tillegg for løpande renter og kostnader er sikra ved lovbestemt pant etter panteloven § 6-1.

Abonnten skal betale inn gebyret sjølv om det er tvist. Eventuelt for mykje betalt gebyr blir refundert med renter.

Skuldig gebyr kan inndrivast ved utpanting i samsvar med panteloven § 6-1.

Når det gjeld renteplikt ved for sein betaling, tilbakebetaling og inndriving av renovasjonsgebyr gjeld reglane i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27 tilsvarande.

[linkDel paragraf](#)

§ 20.(fritak frå gebyrplikt)

a) ÅRIM kan etter søknad gje fritak frå gebyrplikta der:

- 1) Eigedom står til nedfalls og ikkje kan nyttast for opphald over lenger tid.
- 2) Bebuar har fått plass i kommunal institusjon.
- 3) Bustad har stått ubebodd i minst 6 månader.

Det er ein føresetnad for å få fritak at eventuelle oppsamlingseiningar er levert attende til ÅRIM.

b) Kommunen kan etter søknad gje fritak frå i gebyrplikta i høve der slamanlegg er langt frå offentleg eller privat køyrbar veg.

[link](#)Del paragraf

Del 6. Avsluttande reglar

§ 21.(tilsyn)

ÅRIM fører tilsyn med abonnentane si handtering av hushaldsavfall. For å utføre dette tilsynet, kan ÅRIM nytte virkemidla i § 48–§ 51 i forurensningsloven.

[link](#)Del paragraf

§ 22.(klageadgang)

Enkeltvedtak etter denne forskrifta kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Dersom klaga ikkje vert teke til følge, går saka til klageinstansen til avgjerd.

[link](#)Del paragraf

§ 23.(gjennomføring av vedtak)

- a) ÅRIM skal varsle abonnentane dersom det blir avdekt brot på reglane i om avfall og slam.
- b) Har ÅRIM gitt andre pålegg den ansvarlege ikkje etterlever, kan pålegga om nødvendig gjennomførast av ÅRIM.
- c) ÅRIM kan krevje at fleire abonnentar nyttar felles oppsamlingseiningar der dette er hensiktsmessig for å oppfylle formålet i § 1.
- d) Dersom det blir avdekket brot på vilkåra i avtale om heimekompostering, jf. § 8, kan ÅRIM seie opp avtalen med ein månad varsel.
- e) Ved gjentatte brot på reglane om overfylling eller plassering av avfall utanfor oppsamlingseining har ÅRIM høve til å pålegge abonnentar eit abonnement som er betre tilpassa dei avfallsmengdene abonnenten reelt sett har.
- f) Ved gjentatte feilsorteringar av avfall kan ÅRIM på abonnenten si rekning gjennomføre nødvendig sortering for å sikre forsvarleg kvalitet på avfallet som skal til gjenvinning.
- g) ÅRIM kan ved gjentatte feilsorteringar inndra oppsamlingseiningar for kjeldesortert avfall.
- h) Dersom slamanlegg ikkje er sikra fri tilkomst og dermed klargjort for tømning, kan kommunen stille krav om seinare tømning av slamanlegget på abonnenten si rekning.
- i) Dersom slamanlegget etter gjentatt varsel ikkje er klargjort for tømning, kan kommunen, på abonnenten si rekning, klargjere slamanlegget.

[link](#)Del paragraf

§ 24.(tvangsmulkt)

For å sikre gjennomføringa av reglane i forskrifta kan kommunen fatte vedtak om tvangsmulkt etter reglane i § 73 i forurensningsloven.

[link](#)Del paragraf

§ 25.(erstatning)

Abbonnten er ansvarleg for dei forureiningsskadene avfallet og slammet til abonnenten fører til etter reglane i kapittel 8 i forurensningsloven.

[link](#)Del paragraf

§ 26.(straffansvar)

Brot på reglane i forskrifta kan straffast med bøter, jf. § 79 i forurensningsloven.

[link](#)Del paragraf

§ 27.(ikrafttreden)

- a) Denne forskrifta gjeld frå 1. juli 2013.

b) Kravet i § 5 om at hytter, stølar og andre registrerte fritidseigedomar skal vere med i den kommunale renovasjonsordninga og dermed betale renovasjonsgebyr gjeld for følgjande kommunar:

- Norddal
- Stordal
- Stranda
- Sykkylven
- Sandøy
- Ørskog.

c) Frå 1. juli 2013 blir denne forskrifta oppheva:

Forskrift 6. oktober 2004 nr. 1512 for hushaldsavfall, Stranda kommune, Møre og Romsdal.

Vedtak gitt med heimel i desse forskriftene er framleis gyldige for dei abonnentane vedtaka rettar seg mot.

[link](#)Del paragraf

Merknader

Merknader til § 7:

Til a): Avfallet må vere kjeldesortert og samla i godkjende oppsamlingseiningar. Abonnenten risikerer at avfallet ikkje blir henta dersom det er plassert avfall det er ulovleg å kaste i restavfallet (t.d. farleg avfall), kan skade bilar og utstyr (t.d. fordi det er brannfarleg) eller kan øydeleggje det kjeldesorterte avfallet som skal til gjenvinning (t.d. slakteavfall i papirinnsamlinga).

Til c): ÅRIM kan, etter dialog med abonnenten, samtykke i andre plasseringar på hentedagen der dette er nødvendig, t.d. for område med sterk vind, trafikkfare eller liknande.

Merknader til § 12:

Separate avløpsanlegg har ein begrensa reinseeffekt samanlikna med mange større avløpsrensaneanlegg, og dei er heller ikkje utforma for å handtere næringsemna i kverna matavfall. Installering av matavfallskverner i hushaldningar med separate avløpsanlegg kan difor gi auka risiko for overgjødning og anna forureining. Installasjon av matavfallskverner er difor ikkje er ei god løysing for handtering av matavfall for slike abonnentar.

Merknader til § 13:

Ein renovasjonsteknisk plan skal synleggjere korleis omsyna i § 12-12 i Byggteknisk forskrift - TEK 10 - vil bli sikra.

Merknader til § 14:

God renovasjonsteknisk planlegging i planfasen legg rammevilkår for byggesaker. Viktige sjekkpunkt i ein plan vil vere:

Universell utforming

- Er det gjort overordna vurderingar med omsyn til universell utforming ved val av renovasjonsløysing og - utstyr?
- Er det gjort vurderingar med omsyn til universell utforming, til dømes avstandar, skilting/merking, stiging/nivåforskjellar, nå- og rekkehøgder, breidder?

Val av renovasjonsløysing

- Løysingar for enkelthusstander (to dunkar og ein sekk).
- Løysingar for fellesabonnement (burettslag, sameige mv.).
- Nedgravne løysingar.
- Samlokalisering av løysingar for hushaldsavfall og næringsavfall.
- Andre løysingar for planområdet, t.d. heimekompostering.

Plassering av renovasjonsløysingar

- Avfallsrom i bygg.
- Utandørs oppstillingsplass eller bod.
- Nedgravne løysingar.
- Behov for areal til ubemanna miljøstasjonar (returpunkt).

Brannsikre løysingar

- Utstyr i forhold til brannfare.
- Plassering av utstyr.

Tilkomst

- Vegnormalar.
- Tilhøvet til krav i renovasjonsforskrifta.
- Dører, portar, trapper, kantstein, låsing mv.
- Servicenivå.
- Rygging.
- Snuplass.

Estetikk

- Avskjerming.
- Form og design.
- Støy- og vindtilhøve.

Tilhøve til plan

- Eige reguleringsføre mål for avfallsløysingar.

-
-
-